





Årsrapport 2023 //utkast

Omstillingsprogrammet i Sykkylven kommune

Handsama av styret i omstillingsprogrammet Sykkylven: 24.1.2024

Vedteken av kommunestyret i Sykkylven x.2.2024



Innhald

1. 2023 i tal	3	6. Programstatusvurdering 2023	14
2. Innleiing	4	7. Finansiering og budsjett 2023	16
3. Styre og organisering	5	8. Inntekter og utgifter 2023	17
4. Overordna mål og resultat	6	9. Vedlegg	18

2023 i tal

Totalramme // **5,7 millionar kr**

Prosjekt innvilga i bedrifter/nettverk // **14 stk.**

2,5 mill. i timer og kroner frå bedrifter har utløyst 1,8 mill. i støtte frå omstillingsprogrammet

Store program gjennomført // **2 stk.**

I overkant av 700.000kr frå omstillingsprogrammet, 375.000kr frå Innovasjon Norge, 250.000kr pluss mange timar i eigeninnsats i frå bedrifter utgjer innsatsen i dei to store programaktivitetane i 2023.

Ekstra midlar utløyst frå det offentlege

- til vekstprogram i bedrift // **375.000kr** frå Innovasjon Norge

- til FoU-aktivitet // **750.000kr** frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Koplingstreff FoU+næringsliv // **4 stk.**

Samarbeidsforum Skulenær // **4 stk.**

Prosjektleiarkurs // **2 stk.**

Bedriftsbesøk med næringsteamet // **5 stk.**

Frukostmøter og lunsjseminar // **8 stk.**

Nye og sikra arbeidsplassar // **23,5 stk.**

Prosentvis fordeling bruk av midlar på

- aktivitetar/støtte næringsliv // **43,5 %**
- admin og programleiing // **30 %**
- overførast til aktivitet 2024 // **26,5 %**

Innleiing

Vi har no gjennomført år tre av seks i omstillingsprogrammet, og ser her tilbake på 2023 og dei måla som var satt og den aktiviteten som vart gjennomført.

Sykkylven kommune har omstillingsstatus frå 2021 til og med 2026, med mål om å bidra til å skape nye og sikre 170 arbeidsplassar i Sykkylven i denne perioden.

Bakgrunnen for å søke status som omstillingskommune var ønske om å utvikle ei bredde i næringslivet i Sykkylven, for å redusere den sårbarheita som kjem av ein einsidig næringsstruktur. Omstillingsprogrammet ønska å bidra til ei vidareutvikling av eksisterande bedrifter og legge til rette for nyetableringar innan fleire bransjar og slik bidra til eit meir robust næringsliv som er berekraftig inn i framtida. Omstillingsarbeidet skal òg bidra til å styrke Sykkylven sin attraktivitet som næringslivs- og bustadkommune.

Det er valt fire prioriterte innsatsområde i omstillingsplanen:

1. Skaparglede i næringslivet
2. Opplevingsnæringar
3. Samarbeid og nettverk
4. Attraktive Sykkylven

Omstillingsprogrammet kjem i tillegg til det ordinære næringsutviklingsarbeidet i Sykkylven kommune, som Sykkylven Næringsutvikling (SNU) varetek, SNU og omstillingsprogrammet samarbeida difor tett for å best mogleg kunne hjelpa næringslivet. SNU og omstillingsprogrammet har også ei viktig oppgåve i å jobbe for å sikre eit lokalt næringsapparat inn i framtida, slik kommunen og næringslivet ønska det.

2023 har vore enda eit år der global usikkerheit har påverka Noreg og næringslivet i vår region. Med dyrtid prioriterast forbruksvarer som møblar ned, noko som råkar vår kommune spesielt. Bedriftene knytt til møbelnæringa er framleis i ein krevjande periode, og vi ser at med det følgjer det nedbemanning og permittering, også i 2023.

Samtidig har vi bedrifter i anna næring der det går godt, eksempelvis knytt til elektrifisering. Rekruttering av spesialisert arbeidskraft er utfordrande, da det er knappheit på desse ressursane, og det påverkar utviklinga i den enkelte bedrifta som ønska å utvikle seg.

Næringsteamet i kommunen prioritera bedriftsbesøk, nettopp for å få kjennskap til og dialog om kva bedriftene har av utfordringar, og for å best mogleg kunne legge til rette for vidare utvikling.

Næringslivet, NAV og kommunen har tett dialog knytt til ledig arbeidskraft og moglegheiter for å få folk raskt ut i arbeid igjen.

Styre og organisering

Organisasjonsform og eigarskap

Omstillingsarbeidet er organisert som eit program eigd av Sykkylven kommune. Programmet er ansvarleg for å gjennomføre det ekstraordinære arbeidet med næringsutvikling og rapportera til kommunestyret.

Omstillingsstyret

Omstillingsstyret er satt i saman av representantar frå kommunen og næringslivet. Innovasjon Norge, Møre og Romsdal fylkeskommune, kommunedirektør i Sykkylven kommune og dagleg leiar i Sykkylven Næringsutvikling AS er observatørar i styret. Omstillingsstyret er ansvarleg for utarbeiding av strategi og handlingsplan for omstillingsprogrammet. I 2023 vart det gjennomført 6 styremøte, 1 programstatusvurdering og 1 styreseminar i omstillingsprogrammet.

Gjennom året har det vore tre endringar i styresamansetjing; 1. Erling Eliassen, BS. Aure gjekk ut våren 2023 og 2. det vart skifte av styreleiar etter kommunevalet på hausten, da gjekk Odd Jostein Drotninghaug av som ordførar og styreleiar og Olav Harald Ulstein trådde til som ordførar og styreleiar. 3. Det har også vore skifte av kommunedirektør og rolla som observatør i omstillingsstyret, Bente Glomset Vikhagen gjekk ut og inn kom Torbjørn Ove Emblem.

Medlemmar i omstillingsstyret ved utgangen av 2023:

1. Styreleiar - Sykkylven kommune, ordførar Olav Harald Ulstein
2. Politisk representant, Torill Velle
3. Politisk representant, Clara Strømmegjerde
4. Sykkylven Industri- og Næringslag, styremedlem Leif Jarle Aure
5. Styreleiar SNU, Øystein Vikingsen Fauske
6. Sykkylven Handelsforening, leiar Kåre Atle Vangen
7. Ekornes, Berekraftansvarleg Solveig Gaundal
8. Driv Design, Åse Fet

Observatørar i omstillingsstyret med møte- og talerett:

1. Innovasjon Norge, spesialrådgjevar omstilling Anne Helgesen
2. Møre og Romsdal fylkeskommune, rådgivar kompetanse og næringsavdelinga, May-Britt Roald
3. Sykkylven kommune, kommunedirektør Torbjørn Ove Emblem
4. Sykkylven Næringsutvikling, Åsne Folstad
5. Programleiar omstillingsprogrammet, Lise Haukeberg

Overordna mål og resultat

Hovudmålet for omstillingsprogrammet er å bidra til å skape ein meir robust og variert næringsstruktur, gjennom å vidareutvikle eksisterande bedrifter og legge til rette for nyetableringar innan fleire bransjar.

Omstillingsarbeidet skal og bidra til å styrke Sykkylven sin attraktivitet som næringslivs- og bustadkommune. Det er sett eit måltal på til saman 170 nye og sikra arbeidsplassar i omstillingsperioden 2021-26.

Omstillingsprogrammet har i 2023 støtta 14 utviklingsprosjekt i bedrifter og nettverk, og gjennomført 2 større aktivitetar; leiarutviklingsprogrammet “sterkare saman enn aleine” og utviklingsprogrammet for bedrifter som heiter SMB Utvikling.

Vi har hatt fleire koplingstreff med bedrifter for å stimulere til forskings- og utviklingsaktivitet. Vi har også hatt ei rekke mindre aktivitetar knytt til møteplassar, kompetanseheving og rekruttering av arbeidskraft.

Totalt har omstillingsprogrammet bidrege til å sikre 18,5 arbeidsplassar og skape 5 nye arbeidsplassar i 2023, totalt 23,5. Dette er 8,5 færre arbeidsplassar enn målet som var 32, og årsak er ikkje lett å peike på. Vi tel brutto arbeidsplassar og berre bedrifter som har vore med på aktivitet og prosjekt støtta av omstillingsprogrammet. Sjå s.12 for meir om arbeidsplassmål.



Overordna mål og resultat forts.

Omstillingsprogrammet fungera også som ein koplingsaktør og støttespelar til at andre spanande utviklingsprosjekt kan utforskast og settast i gong i kommunen.

Eit døme her er tettstadprosjektet i kommunen som var søkt midlar til og kom i gong i 2023 med eigen prosjektleiar i førebels eitt år. Tettstadprosjektet og omstillingsprogrammet har ei felles interesse i at det blir meir aktivitet i Sykkylven, dette er viktig for bulyst, som igjen er viktig for næringsutvikling.

Eit anna døme er omstillingsprogrammet sitt samarbeid med det nasjonale kompetansesenteret PlussLab. Omstillingsprogrammet har ein styreplass i PlussLab som varetek Sykkylven kommune som interessant og medstiftar her. PlussLab er ein sentral samarbeidspartnar for å stimulere til forskings- og utviklingsaktivitet blant bedriftene våre, og i 2023 mobiliserte vi bedrifter i Stranda og Sykkylven til eit felles prosjekt innan tematikken «industriell symbiose», som har løyst ut 750.000kr i prosjektmidlar i frå fylkeskommunen. Prosjektet er i gong og varar til sommaren 2024.

Sjå vedlegg 1 for oversikt over totalt innvilga tilsegn til bedriftsretta prosjekt og større programaktivitet i 2023.

SKATTEJAKT

AV

PÅ

HP 2023 Innsatsområde 1. Skaparglede i næringslivet Arbeidsplassmål: 25			
Strategiar	Tiltak	Delmål	Resultat
A. Teknologi og marknad	Proaktivt arbeid for å avdekke og identifisere utviklingsprosjekt.	1. Gjennomføre forstudie SMB utvikling nr.2 2. Starte forprosjekt SMB utvikling nr.2	1. Gjennomført februar 23 2. Gjennomført jan/feb 24
B. Bedriftsretta tiltak	Støtte utviklingsprosjekt (forstudiar og forprosjekt) frå bedriftene. Fokus på oppfølging av bedrifter for å sikre overgang frå forprosjekt til hovudprosjekt	1. Iverksett minimum 8 prosjekter	1. 6 prosjekt innvilga
C. Kompetanse og rekruttering	Avdekke kompetansebehov, samt initiere og gjennomføre kompetansehevande tiltak (nytte samarbeidspartnarar aktivt) Nytte samarbeidspartnarane Innovasjon Norge, Nordveggen, Framtidslaben, åkp og iKuben aktivt i kompetanseheving Pådrivar for, samt bidra til, å kople bedrifter og FoU-miljø Støtte og iverksette rekrutteringstiltak som sikrar bedriftene tilgang på kompetanse	1. Iverksett minimum 5 kompetansetiltak, herunder; – gjennomføre leiarutviklingsprogram – 1-2 PLP-kurs – gjennomføre eit «koplingstreff» for bedrifter og FoU-miljø 1. Iverksett minimum 3 rekrutteringstiltak, herunder; – Vidareutvikle/-føre rekrutteringskampanje – «Bli med hjem» i Oslo vår 23 – «Bli med hjem» i Trondheim haust 23 - Vurdere traineeordning i samråd med næringslivet	1. - Leiarutviklingsprogram gjennomført 23 - 2 PLP-kurs sept. 23 - 4x prosjektverkstad saman med PlussLab, søknad Skaparkraft fylket 2. - «Bli med hit» x2 vår+haust - Behovskartlegging starta ang rekrutteringskampanje vidare - Forankring traineeordning gjennomført – start prosjekt 2024

HP 2023 Innsatsområde 2. Opplevingsnæringane Arbeidsplassmål: 5			
Strategiar	Tiltak	Delmål	Resultat
D. Masterplan reiselivet	Støtte tiltak anbefalt i masterplan Sykkylven for opplevingsnæringane, og vidare konkretisert i handlingsplan for 2023	1. Ferdigstille handlingsplan opplevingsnæringane for 2023 2. Iverksett minimum 5 tiltak frå handlingsplan	1. Bidratt til ferdigstilling i regi av SNU 2. Støtta 2 prosjekt i forstudie og forprosjekt
E. Produkt og marknad	Støtte utviklingsprosjekt frå bedriftene som utviklar nye produkt og nye marknader for aktørane i opplevingsnæringane i Sykkylven	1. Iverksett minimum 5 prosjekt	1. 2 prosjekt innvilga
F. Kompetanse	Avdekke kompetansebehov, samt initiere og gjennomføre kompetansehevande tiltak Styrke samarbeid mot Destinasjon Ålesund og Sunnmøre (DÅS) Bruke samarbeidspartnar DÅS, Innovasjon Norge og Nordveggen aktivt i kompetanseheving	1. Iverksett minimum 1 kompetansetiltak	1. Var sett opp eget PLP-kurs, slo i saman med næringsliv generelt

HP 2023 Innsatsområde 3. Samarbeid og nettverk

Arbeidsplassmål: 2

Strategiar	Tiltak	Delmål	Resultat
G. Industri- og næring	Bidra til å avdekke behov for og forsterke nettverk blant industri- og næringslivsbedrifter Bidra til å vidareutvikle samhandlingsarenaer for og i samarbeid med bedriftene.	1. Vidareutvikling av strategiplan for industri-/næringsnettverk 2. Vidareutvikle samarbeidsforum for skule og næring «Skulenær» 3. Vidareutvikle Gründerforum 4. Minimum 2 samarbeid/nettverksprosjekt	1. Støtta prosjekt utvikling SINL i 22/23 2. God framdrift 3. SNU held i gründer og hoppid, Omstilling bidrar 4. 3 prosjekt/aktivitetar Teknologifestivalen, Innovasjonsfestivalen og samarbeid næring Sunnmøre
H. Opplevings- næringar	Bidra til vidareutvikling av nettverk for aktørane i opplevingsnæringane Bidra til utvikling av samarbeidsarena/nettverk for aktørar i landbruk og lokalmat Bidra til å skape arena for samarbeid i skjeringspunktet mellom aktørane i reiseliv, opplevingar, lokalmat, design og kultur Støtte aktuelle prosjekt i samråd med masterplan reiseliv	1. Iverksett minimum 2 felles-/samarbeidsprosjekt	Ingen prosjekt støtta i 2023. Støttar og deltek når SNU tar initiativ til nettverksaktivitet for aktørane i opplevingsnæringane.
I. Møteplassar («co-work»)	Bidra til møteplass på tvers av nettverk gjennom frukostmøte med dagsaktuelle tema Berekraft som rød tråd i frukostmøte Proaktivt arbeid for å avdekke og identifisere moglegheiter knytt til møteplassar for bedrifter, gründerar og ungdom (eks. mentorordning)	1. 8 frukostmøte	1. 8 gjennomført

HP 2023 Innsatsområde 4. Attraktive Sykkylven

Arbeidsplassmål: 0

Strategiar	Tiltak	Delmål	Kommentar
J. Næringsvennleg kommune	Bidra til å følgje opp kommunen i hovudprosjekt Næringsvennlig kommune Bidra inn i samarbeidet mellom SNU og Nordveggen	1. Iverksette minimum 2 tiltak basert på forprosjekt NVK 1. Bidra til gjennomføring av årleg tilfredsheitsundersøking blant bedriftene på kommunens næringsarbeid	1. Fleire igangsett: - Vidareføring Næringsteam - Eigarmelding for kommunalt eigarskap i SNU - Konkretisering oppdragsbrev til SNU 1. Gjennomført jan 24
K. Møteplassar og kommunikasjon	Styrking og samordning av kommunikasjonsarbeidet retta mot næringsliv med kommunen og SNU Vidareføre etablerte møteplassar mellom kommune og næringsliv og vere ein pådrivar for nye	1. Samordning av kommunikasjonsarbeidet med kommunen og SNU 2. Medfinansiering av felles ressurs for kommunikasjonsarbeid, prosjektstilling i 2023	1. Måndagsmøter med koordinering av kom.arbeid SNU/Omstilling 2. Finansierte for 2023
L. Sentrums utvikling	Involvere handelsforeining, eigedomsaktørar, frivillige organisasjonar og eldsjeler i arbeidet med å utvikle sentrumsområda. Utforske moglegheita for å rigge seg til eit Gnist-program i 2024	1. Etablere prosjekt for å involvere handelsforeining, eldsjeler og eigedomsaktørar i arbeidet med areal-/reguleringsplan for sentrumsområda 2. Avklaring om Gnist-program er aktuelt for 2024	1. Omstilling fasilitert og bidratt i søknad tettstadsprosjekt, innvilga og prosjektleiar tilsett, start desember 23 2. Ikkje aktuelt no, tas med inn i tettstadprosjekt
M. Areal	Bidra til å synleggjere tilgjengelege tomteareal for næring og bustad, og ledige næringslokale og utleigebustad.	1. Utarbeide kommunikasjonsplan for synleggjering av areal i samarbeid med kommuneadministrasjon	1. Starta, men ikkje prioritert

Arbeidsplassar

Det er sett eit måltal på til saman 170 nye og sikra arbeidsplassar i omstillingsperioden 2021-26. Tabellen her viser periodiserte mål for innsatsområda i omstillingsplanen og resultatet fram til og med 2023.

Arbeidsplassane blir dokumentert via brutto innrapportering av prosjektleiarrapportar frå enkeltprosjekt, i tillegg til dialog med aktørar. Ved årsslutt snakkar programleiar med alle aktørar som har motteke støtte i frå omstillingsprogrammet, uavhengig av om dei har eit avslutta prosjekt, og tel arbeidsplassar i samråd med dei.

Totalt har omstillingsprogrammet bidrege til å sikre 18,5 arbeidsplassar og skape 5 nye arbeidsplassar i 2023, totalt 23,5. Dette er 8,5 færre arbeidsplassar enn målet som var 32, og årsak er ikkje lett å peike på, men om ein skal forsøke så kan lågare tal på søknadar om prosjektmidlar enn forventa i bedriftene vere ein peikepinn på at dagleg drift og stabilisering har vore prioritert hos fleire. Programmet SMB Utvikling har hatt god deltaking, medan leiarutviklingsprogrammet var ein aktivitet som hadde fleire interesserte bedrifter der nokre måtte trekke seg grunna interne prioriteringar.

Utviklingsaktivitet og kompetanseheving som eventuelt skjer internt utan støtte og involvering i frå omstillingsprogrammet kan òg bidra til å sikre og skape arbeidsplassar, men dette er ikkje noko vi kan eller skal telje. I tillegg til å telje arbeidsplassar er også auka utviklingsevne i bedriftene er eit av dei langsiktige effektmåla vi har sett oss for omstillingsprogrammet. Innovasjon Norge jobbar med korleis vi kan måle bedriftene si utviklingsevne, og i 2024 vil det kanskje kome på plass eit verktøy for dette.

Arbeidsplassar	2021	2022	2023	2024	2025	2026	Sum
Skaparglede i næringslivet	10	15	25	27	25	30	130
Opplevingsnæringar	5	5	5	5	5	5	30
Samarbeid og nettverk	0	2	2	0	2	2	10
Attraktive Sykkylven	0	0	0	0	0	0	0
Sum mål arbeidsplassar	15	22	32	32	32	37	170
Resultat	11	22,8	23,5				
Avvik	-4	+0,8	-8,5				

Totalt har omstillingsprogrammet bidrege til å sikre 18,5 arbeidsplassar og skape 5 nye arbeidsplassar i 2023, 22,5 av desse var innan innsatsområde 1. Skaparglede i næringslivet, og 1 arbeidsplass var innanfor innsatsområde 4. Attraktive Sykkylven.



Store program 2023

SMB Utvikling, for små og mellomstore bedrifter: 12 bedrifter

- Autodoktor'n
- Nyborg
- 3D Knitting
- Sandella
- Din dyrlege
- Hole Geoscanning
- Hole maskiner
- Møre Miljø
- Møbeltre
- Næringsfabrikken
- Ilyas Degimencii
- Pla-Mek

Leiarutviklingsprogrammet «Sterkare saman enn aleine»: 7 deltakarar

- Byrg
- Europrofil
- Næringsfabrikken
- Pla-Mek
- Sykkylven Stål
- Innovern
- Sykkylven kommune

Programstatusvurdering 2023

Programstatusvurdering gjennomførast ein gong per år i heile omstillingsperioden, der hensikta er å kunne nytte en hel dag til å vurdere eige utviklingsarbeid, sjå heilheita i prosessane og saman konkretisere kor ein bør vurdere ytterlegare innsats for å bli betre. Vurderingane her er retta mot forbettringspotensialet, og er såleis ikkje ei balansert skildring av arbeidet i Sykkylven.

Hovudkonklusjon frå programstatusvurdering 2023:

«Omstillingsprogrammet i Sykkylven har god struktur på arbeidet og jobber godt med gjennomføring av handlingsplan. Programmet har god måloppnåelse på arbeidsplasser pr utgangen av 2022 med 37 innrapporterte arbeidsplasser mot mål på 22. Programmet tar godt i bruk verktøyene til regional omstilling og SMB utvikling blir gjennomført i 2 runde, mens næringsvennlig kommune vil bli startet opp igjen nå ny kommunedirektør er på plass.

Kommunikasjonsarbeidet er styrket gjennom at man har engasjert egen ressurs på området, og det har frigjort tid for programleder. Det er fortsatt viktig å jobbe videre med forankring av programmet og engasjere inn flere bedrifter i programmet. Dette gjelder også politisk i forhold til nytt kommunestyre etter valget.

Styret og administrasjonen fungerer godt og har en god sammensetting av kompetanse og erfaring. Det er viktig at man setter av nok tid på styremøtene til å drøfte viktige saker og innsatsområder som gjør at styret kan sette sitt preg på arbeidet. Styret bør også utfordres til å ta en aktiv rolle for å fremme programmet mellom styremøtene.

Programmet er halvveis og man bør vurdere hvilke prioriteringer og satsinger man vil jobbe med i siste del. Det bør vurderes om man vil spisse satsinger og innsatsområder, og hvordan man vil jobbe videre med målet knyttet til styrket utviklingsevne i næringslivet og kommunen. Det er iverksatt flere tiltak på kompetanse og samarbeid, men man bør vurdere hvordan man kan styrke flere samarbeidsarenaer/nettverk som kan få varighet utover omstillingsperioden. Programmet bør også i 2024 starte arbeidet med å drøfte videreføring omstillingsarbeidet etter omstillingsperioden slik at man ikke starter for sent med dette» (Sluttrapport programstatusvurdering, 2023).

Anbefalinger for 2024, frå programstatusvurdering:

1. Sikre forankring i nytt kommunestyret ved å be om nok tid til gjennomgang med nyåret ved godkjenning av ny handlingsplan (bidra til økt fokus og kunnskap om omstillingsprogrammet og næringsarbeidet i kommunen).

2. Styrke forankring og koordinering av arbeidet ved å vurdere faste møter mellom ordfører, kommunedirektør, programleder, Sykkylven Industri og Næringslag, Sykkylven Næringsutvikling, evt. andre

3. Vurdere spissing av innsatsområder i omstillingsplan/handlingsplan 2024 og tydeliggjøre det ekstra ordinære omstillingsarbeidet.

4. Sette av nok tid til drøfting i styremøte, trekke inn enkelt områder/innsatsområder som man ønsker å drøfte spesifikt på styremøtene for å løfte blikket i arbeidet. Fortsette å trekke inn bedrifter til presentasjon på styremøtene, eller gjennomføre bedriftsbesøk.

5. Starte drøfting av videreføring av omstillingsarbeidet i løpet av 2024, vurdere forstudie videreføring av omstillingsarbeidet som tiltak i handlingsplanen 2024.

6. Fortsette arbeid med oppsøkende aktivitet for å engasjere flere bedrifter inn i arbeidet. Bruke bedrifter som har vært del av programmet til å fremme muligheter i kommunikasjonsarbeidet. Bruke styret aktivt til å promotere programmet mellom styremøtene.

7. Definere hvordan omstillingsprogrammet vil jobbe med bærekraft inn mot næringslivet/kommunen, vurdere tema/innlegg på styreseminar, evt. tiltak i handlingsplanen 2024 (se til kommunen sin samfunnsplan). Hente erfaring fra andre omstillingsområder på hvordan de har integrert bærekraft i sitt arbeid.

8. Vurdere behov for ekstra tiltak på møteplasser/nettverk i handlingsplanen 2024 på bransjer utover møbel. Dette for å styrke delingskulturen gjennom dialog, erfaringsdeling, kommunikasjon, osv.

9. Vurdere ny kompetansekartlegging i 2024 for å få fram behov i næringslivet og kommunen både knyttet til kompetansetiltak og rekruttering.

Finansiering, budsjett og innvilgingsstatus 2023

Omstillingsprogrammet er finansiert gjennom midlar fra Fylkeskommunen og kommunen. Ambisjonen er ei finansiering på 5,4 millionar per år i 6 år, for 2023 såg finansieringa slik ut:

Finansiering	2023
Møre og Romsdal fylkeskommune	3 700 000
Sykkylven kommune	1 700 000
Overføring frå 2022/mindreforbruk	279.463
Total	5.679.463

Tildelinga i frå Møre og Romsdal fylkeskommune var i 2023 på 3,7 millionar kroner. Ramma på omlag 5,7 millionar kroner var fordelt slik:

Innsatsområde	Program-aktivitet	Søkbare midlar*	Admin.**	Admin.SK** *	Totalramme
Skaparglede i Næringslivet	710.000	1.350.000	300.000	250.000	2.610.000
Opplevingsnæringar	320.000	700.000	150.000	100.000	1.270.000
Samarbeid og nettverk	350.000	0	250.000	0	600.000
Attraktive Sykkylven	450.000	0	200.000	300.000	950.000
Overheadkostnader	0	0	250.000	0	250.000
Totalt	1.830.000	2.050.000	1.150.000	650.000	5.680.000

*Søkbare midlar er midlar øymerka søknadar i frå bedrifter til utviklingsprosjekt. Det vil vere tilgjengelege midlar å søkje på i frå andre strategiområde også, men der er gjerne midla retta mot både aktivitetar som omstillingsprogrammet initiera og prosjekt i frå bedrifter.

** Administrasjon innfattar proaktivt arbeid og prosjektoppfølgning av programleiar, her løn til programleiar, møtekostnader og møtegodtgjersle knytt til møter, kurs, styrearbeid, samt husleige.

***Administrasjon Sykkylven kommune innfattar timar brukt til prosjekt i omstillingsprogrammet frå styreleiar, kommunedirektør og andre administrativt tilsette i kommunen som blir engasjert i slikt arbeid.

Vedtekne bevilga tilsegn aktivitet og prosjekt per innsatsområde i 2023

Innsatsområde	Tilsegn 2023	Tilsegn 2022
Skaparglede i Næringslivet	1.467.305	3.648.203
Opplevingsnæringar	525.396	597.591
Samarbeid og nettverk	230.000	120.000
Attraktive Sykkylven	400.000	190.685
Totalt	2.622.674	4.556.839

Kommentar til budsjett og innvilga tilsegn til aktivitet og prosjekt: Det var forventa, og låg an til, meir bruk av midlar til bedriftsretta bedriftsutviklingsprosjekt i 2023 enn kva som vart realisert.

Fleire prosjektsøknadar har blitt utsett av søkar til 2024, difor har vi eit mindreforbuk her. Vi har også aktivitetar som kunne vore sett i gong og gjennomført av omstillingsorganisasjonen og næringsapparatet, som vidareutvikling av rekrutteringskampanje, men som ikkje har latt seg gjennomføre grunna begrensa kapasitet. Vi enda difor opp med eit høgare mindreforbruk enn forventa i 2023.

Inntekter og utgifter 2023

Kommentarar inntekter og utgifter: Tabellen «Kjende inntekter og utgifter 2023» synar det som er innvilga i frå omstillingsprogrammet i 2023, og det som er innvilga i medfinansiering til omstillingsprogrammet i 2023. Denne tabellen inneheld informasjon som kjem i tillegg til rekneskapen ført av kommunen, den synar det vi veit har blitt gitt av tilsegn.

Prosjektinntekter som står oppført i 2023 består av tilskot i frå Innovasjon Norge, dei er med og delfinansiera enkelte prosjekt og større programaktivitet, dette er midlar som kjem i tillegg til totalramma på om lag 6,8 millionar. Tilskot i frå Innovasjon Norge kjem inn når prosjekt er rapportert ferdige, alle inntektene her i frå er difor ikkje synlege i kommunerekneskapen for 2023.

Viser til førre kapittel der ein ser at det vart eit mindre forbruk enn forventa i 2023, det har vore lågare aktivitet i bedriftsutviklingsprosjekt og planlagt programaktivitetet. Noko er med grunn i kapasitet til å gjennomføre i omstillingsorganisasjonen, noko er utsette søknadar. Vi tek difor med oss eit mindreforbruk på om lag 1,6 millionar kr inn i 2024, og har eit mål om å få god nytte av midlane her med forsterka innsats på utvalde områder midtvegs i omstillingsperioden.

Kjende inntekter og utgifter 2023	
Inntekter	2023
Sykkylven kommune eigenandel	1.700.000
Møre og Romsdal Fylkeskommune	3.700.000
Prosjektinntekter (eksterne tilsegn Innovasjon Norge)	375.000
Mindreforbruk 2022, overført til 2023	279.463
Sum inntekter	6.054.463
Kostnader	
Innvilga aktivitetar (inkl. totale kostnad ved eksternt tilsegn)*	2.622.674
Administrasjon**	1.178.324
Administrasjon Sykkylven kommune***	650.000
Sum kostnader	4.450.998
Resultat til vidare programarbeid****	1.603.465

* [Prosjekt der Innovasjon Norge \(IN\) er inne og delfinansiera, her er det rekna totalkostnad for prosjektet. Det samsvarar da med prosjektinntekter i frå IN.](#)

**Administrasjon innfattar proaktivt arbeid og prosjektoppfølgning av programleiar, her løn til programleiar, løn til styreleiar og prosjekteigar, møtekostnader og møtegodtgjersle knytt til møter, kurs, styrearbeid, samt husleige.

***Administrasjon Sykkylven kommune innfattar interne ressursar i kommunen sine timar brukt til aktivitet i Omstillingsprogrammet.

****Mindreforbruk settast på ein fondskonto og blir tilgjengeleg for omstillingsprogrammet i 2024.

VEDLEGG

Innvilga prosjekt i bedrift/nettverk

Prosjekt.	Søker	Prosjekt	Type prosjekt	Kostandsoverslag	Søknadsbeløp	Bevilget beløp
2023						
2023/1	Tormodgarden	Tormodgarden	Forprosjekt	kr 300 000,00	kr 150 000,00	kr 150 000,00
2023/2	Marconnect	MarSurvive	Forstudie	kr 80 000,00	kr 40 000,00	kr 40 000,00
2023/3	Næringsfabrikken	Nfab	Forprosjekt	kr 480 000,00	kr 240 000,00	kr 240 000,00
2023/4	Sykkylven Næringsutvikling	Forprosjekt Digital kommunikasjon - eit samarbeid mellom Syk	Forprosjekt	kr 650 000,00	kr 400 000,00	kr 400 000,00
2023/5	Sykkylven Næringsutvikling	Prosjektplan infotavler og skilt	Forstudie	kr 200 000,00	kr 100 000,00	kr 100 000,00
2023/6	PC Support	LEAN i PC Support	Forprosjekt	kr 498 220,00	kr 249 110,00	kr 112 305,00
2023/7	3D Knitting	Kartlegging av nytt forretningsområde for 3D-Knitting & Technol	Forprosjekt	kr 402 000,00	kr 150 000,00	kr 150 000,00
2023/9	Sykkylven Industri- og Næringslag	Nettverksutvikling og digital synlighet SINL	Forprosjekt	kr 305 000,00	kr 150 000,00	kr 150 000,00
2023/10	Sykkylven Siderlag	Siderlag	Forstudie	kr 323 500,00	kr 161 750,00	kr 161 750,00
2023/11	Sykkylven Næringsutvikling	Infotavler og skilt	Forprosjekt	kr 176 000,00	kr 88 000,00	kr 88 000,00
2023/12	Skohjørnet	Prosjektering Skohjørnet	Forprosjekt	kr 180 000,00	kr 90 000,00	kr 90 000,00
2023/13	Sykkylven Industri- og Næringslag	Teknologifestivalen	Forprosjekt	kr 600 000,00	kr 70 000,00	kr 70 000,00
2023/17	Kyststi Sykkylven	Forprosjekt - pilot	Forprosjekt	kr 25 619,00	kr 25 619,00	kr 25 619,00
2023/26	L.P. Riksheim	Effektproduksjon og lagring av energi	Forstudie	kr 100 000,00	kr 50 000,00	kr 50 000,00

Aktiviteter

Frukostmøter/lunsjseminar:

10.Februar // CRM i salgs-og service- og medlemsorganisasjoner // Kristine Hoddevik, Xlent

31.mars // Sentrumsnytt // DIS kaffebar, Smått & Stort og Sol Café

12.mai // «Hvordan rekruttere og beholde dyktige arbeidstakere når arbeidskraft er en mangelvare?» // Kariann Sandvik, CEO i rekrutteringsselskapet Yapril AS, Trond Svinø partner i advokatfirmaet Judicia og Even Selnæs fra SpareBank 1 Regnskapshuset SMN, HR-tjenester.

26.juni // Åpenhetsloven // Lisa Haugen og Elisabeth Elliott Midtgård, PwC

1.september // Skatt og norske investorer i Norge // Elisabeth Holvik, sjefsøkonom Sparebank 1

25.oktober // Sentrumsutvikling // Sykkylven handelsforening med fleire

30.november // «Ung kompetanse» // Vilde Vågsland, Opinion

1.desember // Gründerhistorier // Harald, Brennevinsgrova og Ragnfrid, Sykkylven FunkFit

PLP-kurs

25.september // Kommunen

26.september // Næringsliv

Samarbeidsforumet Skulenær

4 møter // 2 første halvår + 2 andre halvår

Rekrutteringsarrangement

13.april // Bli med hit - Oslo

13.november // Bli med hit - Trondheim

Næringsteam - bedriftsbesøk

23.mars // Nordic Farmer

28.april // Møre Trafo

9.mai // VD Transport

24.November // Møre Miljøsanering

4.desember // Næringsfabrikken

Koplingstreff næring + forskning og utvikling

16.februar // workshop PlusLab Future talks

31.mai // Prosjektverksted I Industriell symbiose

29.august // Prosjektverksted II Industriell symbiose

29.September // Prosjektverksted III Industriell symbiose

Nettverkstreff opplevingsnæringane

1.februar // Reiselivstreff Fjellseterstova

29.Mars // Workshop Tusenogti

Medlemsmøte Sykkylven Industri og Næringslag

21.april // Presentasjon aktuelt frå omstillingsprogrammet

23.november // Deltakelse

Programleiarsamling Omstillingsprogrammet i Eigersund

19.-21.september // Lise, programleiar // deltok i paneldebatt med erfaringsutveksling rundt omstillingsarbeidet

Diverse klipp frå 2023



SMB-utvikling

SMB-utvikling skal bidra til å skape vekst i små og mellomstore bedrifter i omstillingsområdet.

Verktøyet omfatter rådgivningstjenester og hjelp til utarbeidelse av prosjektplaner for utviklingsprosjekter i lokale bedrifter.

Normal gjennomføringstid er seks til åtte måneder.



Nyhende

Nytt program har fått ballen til å rulle på tvers av kommunane

Eit leiarutviklingsprogram som har gått føre seg over ni månadar har gitt leiarar i Stranda og Sykkylven kommunar moglegheita til å lære frå kvarandre.



Bjarne Olav Velle og Ingvild Sandnes. FOTO: AMANDA RØED STAVE

Mest relevant ▾



Grethe Aspehaug Loe • 1.

5 md ***

Daglig leder

Veldig bra opplegg! Glad for å få være med på dette programmet 🙌 Det er så informativt, inspirerende og lærerikt (også for oss som har vært med en stund #livslanglæring) 🍷 🍷

Liker • 3 | Svar • 2 svar

Sykkylven Næringsutvikling **Forfatter**

5 md ***

449 følgere

Kjekt å høyre! Og læring gjennom heile livet og arbeidslivet trur vi også på 🍷 🍷

Liker • 1 | Svar



Trude Falck Bjånes • 1.

5 md ***

Leder- og teamutvikling. Dreven endringskonsulent som bistår led...

Og så er det fint å bygge bro mellom ledere som har vært ledere en stund og de som er nye. 🍷 🍷

Liker | Svar

Organiske eksponeringer: 400eksponeringer

Forhåndsvis resultater ▾



Amanda Røed Stave

98 02 51 11

Oppdatert: torsdag 7. september 2023 kl. 15:00

På oppdrag frå Sykkylven kommune og omstillingsprogrammet har It's timeout AS stått for gjennomføring av leiarutviklingsprogrammet i Sykkylven. Kommunen sponsa om lag halve rekninga for dei påmelde.

– At vi utviklar oss som leiarar er minst like viktig som at ein sveisar tek sveisekurs. Vi er aldri ferdig utlært, og ære vere dei som vel å satse på leiarar i desse krevjande tider, fortel Bjarne Olav Velle, fabrikkssjef ved Pla-mek i Sykkylven.

Har du prøvd å styre mot eit upresist mål? 🤔 🧑 Lite er meir frustrerende.

No kan du bli med på GRATIS dagskurs i prosjektledelse!

Få gode verktøy til prosjektgjennomføring, og lær meir om viktigheta av å jobbe med presise og målbare mål. Kurset er både for dei utan erfaring og dei som vil friske opp igjen kunnskapen. Dyktige [Arne Aagaard Bangstad](#) er kursinstruktør for dagen og du får jobbe med ditt eige prosjekt. Vi anbefalar at fleire frå prosjektgruppa di deltek på kurset.

Her får du også ei innføring i korleis du skal rapportere i henhold til PLP-metodikken - Skal du, eller har du søkt omstillingsstøtte er dette kurset spesielt nyttig.

OBS! Påmeldingsfrist 18.september.

Blir du med? 😊 Meld deg på i dag! 📌



Kurs i prosjektleiing: PLP -kurs

skaparglede.no • 1 min. lesetid

Starte morgonen din i SkaparLINKEN på fredag? Vi byr på kaffi, frukost og fagleg påfyll! ☕ 🧑 📌

Velkomen til frukostmøte med tema CRM! 10.februar 🍷

Meld deg på her: <https://lnkd.in/dNy6DQFP>

Frukostmøte

Fredag 10.februar 08:30-09:30

Påske 30, Sykkylven i SkaparLINKEN

Korleis strukturere og benytte dine kundedata til å auke effektivitet, samhandling og resultat i ditt selskap?

CRM (Customer Relationship Management) system er et kjerneverktøy i enhver salgsservice- eller medlemsorganisasjon. Vi får besøk av Kristine og Katinka i fra XLENT som skal lære oss meir om korleis du kan benytte kundedata på best mulig måte for at ditt selskap skal øke kundetilfredshet, salgsresultat og intern samhandling.

Velkomen til frukostmøte!



08:30

CRM - fordelar og moglegheiter

Kristine Stokke Hoddevik

CRM - kva det inneheld, korleis bruke det og fordelar - med meir

09:00

Katinka Relling Bjørkavåg

Digital markering - korleis jobbe meir målretta med dine kundegrupper.

09:20

Kaffiprat

Kaffiprat fram til vi avrundar kl.9:30

Velkomen til lunsjmøte!

Påmeldingsfrist fredag 24. november!

PS: Arrangementet er gratis og vi byr på lunsj 🍷

Påmelding: <https://lnkd.in/dDAvy93g>

Stad: Sykkylven

UNG2024

Rapport og målgruppestudie om unge i Norge



tor., 30. nov., 12:00 - 13:30 CET

Lunsjseminar - Morgondagens arbeidstakar

📺 På nett



Helene Loland, Emdal og 1 deltaker til

Vis event

Ilag med [PlussLab](#) inviterer vi til Future Talks i Sykkylven 16.februar, velkomen! 🍷



... se mer

Den 16. februar kjører vi en ny runde med Future Talks i Sykkylven! 🍷

Denne gangen får vi høre fra blant annet [Susanne Krabberød](#) fra Norw. ... se mer

PlussLab Future Talks

Hvordan kan politiske, teknologiske, økonomiske, juridiske, miljømessige og sosiale drivere påvirke bransjene i fremtiden?



+Lab

Får 750 000,- for å minske tekstilavfall i møbel- og tekstilbransjen

Nylig fikk vi i **PlussLab** beskjed om at vi får 750 000,- i støtte fra Møre og Romsdal Fylkeskommune Skaparkraft – grønne industrielle løft for å løse en stor utfordring i møbel- og tekstilbransjen på Sunnmøre sammen med bedriftene Formfin, Langlo, Ekornes, Slettvoll og Byrg Kompetanse.

Hvert år kastes flere tonn tekstilavfall og restavfall fra møbelbedrifter på Sunnmøre. Dette avfallet representerer ikke bare en økonomisk byrde for bedriftene, men også en betydelig miljøutfordring. Prosjektet vi nå har fått støtte til, vil være et skritt på veien til å løse en konkret utfordring med en industriell symbiose-tankegang.

Skaparkraft er Møre og Romsdal fylkeskommunes 10-årige program for å styrke eksportnæringene i Møre og Romsdal. Her samarbeider offentlige aktører, næringslivet og virkemiddelapparatet for å øke eksporten av bærekraftige løsninger og produkter.



Mandag 13. november blir det jobbmesse i Trondheim, med **BLI MED HIT! Møre og Romsdal**.

Kjenner du nokon som bør "bli med"? Tips dei da vel 😊

PS: Mange kjekke stillinger ledig i Sykkylven for tida! Sjekk også https://lnkd.in/dTw8_xv5

SYKKYLVEN KOMMUNE

Kjenner du noen som burde vurdere jobbmuligheter i Møre og Romsdal? Tips dem gjerne om jobbmessen i Trondheim: <https://lnkd.in/dVmBJddv>

... se mer



👤 Kurt Roger Særgård og 4 til

Kjempegøy å møte så mange fine folk i Trondheim denne veka! Vi var så heldige å få snakke med både studenter og andre som var nysgjerrige på å bu og jobbe i regionen vår.

Vi er stolte over å få representere fylket vårt i lag med dei som står bak **BLI MED HIT! Møre og Romsdal** - takk for at de samlar oss i arbeidet med rekruttering 🙌

SYKKYLVEN KOMMUNE Sykkylven Industri- og Næringslag #skaparglede #blimedhit #rekruttering #jobb

https://lnkd.in/de_yevDs



Etterspør "summer interns" i Sykkylven

skaparglede.no • 2 min. lesetid

👤 Helene Lianes og 6 til

1 innlegg lagt ut på nytt